
Saksnr: 2020/93-99
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.11.2020

Lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom – evaluering 2020 og retningslinjer 2021

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ønsker å stimulere til utvikling av nye tilbud som skal bidra til å få fleire barn og unge i Vestland fysisk aktiv kvar dag.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningslinjer for ordninga tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom i Vestland. Retningslinene ligg som vedlegg til saka.

Samandrag

Tiltaka som får tilskot i denne ordninga skal bidra til å få fleire barn og unge i Vestland fysisk aktive kvar dag. Det er regionale ledd av frivillige organisasjonar innan idrett og friluftsliv kan søke om tilskot til aktivitet i sine lokallag og klubbar. Det vert gjort tydeleg at andre aktørar som ikkje har regionale ledd kan søke om tilskot til tiltak med regionalt omfang som fell inn under retningslinene.

Tiltaka skal gje ny kompetanse og overføringsverdi til andre kommunar og organisasjonar. Tiltak med stor grad av medverknad blir prioriterte. Organisasjonar vert oppmoda til å samarbeide om tiltak på tvers av kommunane i fylket. Det vart vedteke retningslinjer for ordninga i hovudutvalsmøtet 2. desember 2019. Reviderte retningslinjer vert lagt fram for vedtak i denne saka.

Tilskotsordninga skal lysast ut i heile Vestland med frist 15. februar 2021. I 2020 kom det inn 45 søknader, med ein samla søknadssum på kr 5.372.536.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tilskotsordninga for lågterskel fysisk aktivitet har gjennom fleire år sikra midlar til store og små tiltak ut i kommunane i Hordaland, for ei rekkje målgrupper. Det har vore justert litt på retningslinjene undervegs for å spisse tiltaka mot målgrupper ein ønskja å satse ekstra på. Ordninga vart vidareført i 2020 i Vestland. I vidareføringa vart det gjort ei endring slik at det var regionale ledd av frivillige organisasjonar som kunne søke på vegne av sine lokallag. Dette vart gjort for å koordinere tiltaka betre på tvers av heile fylket og slik at ein kunne sjå tiltaka i samanheng og dra nytte av synergiane av dette. Erfaringar frå runden i 2020 viser at dette i stor grad har hatt ønska effekt.

Aktiviteten skal framleis vere lokalt, i nærmiljøet og det er framleis dei lokale laga som skal planlegge og gjennomføre. Men gjennom å koordinere dette på eit regionalt nivå kan ein samle ressursar, lære av kvarandre, skape nye modellar og finne gode måtar for korleis ein kan samarbeide på tvers av kommunar, aktivitet og klubbar.

Det har vore to hovudutfordringar i 2020.

Den eine er at lokallag ikkje kan søkje direkte, og det har vore ein del ekstra arbeid for dei regionale organisasjonane for å informere og koordinere dette. Dette arbeidet vil truleg vere lettare i 2021.

Den andre utfordringa er at det finnast aktørar som ikkje har regionale ledd, men som likevel kan vere aktuelle som søkjarar til ordninga. I retningslinjene er det opna for at søknader frå desse aktørane også blir vurdert.

Politisk vedtak

Hovudutval kultur, idrett og integrering vedtok tildeling 21. april 2020, med eit tilleggspunkt til vedtaket: «Retningslinjene for tilskuddsordningen revideres til 2021. Dette særleg med mål om å gjøre retningslinjene tydeligere på at det er regionale ledd som kan søke, og hvor det åpnes for at lokale organisasjoner som gjennomfører tiltak med regionalt omfang også kan søke støtte.»

Evalueringsmøte

Fylkeskommunen har, i arbeidet med denne tilskotsordninga, vore i god dialog med fleire av dei største søkerane. Både før, under og etter søknadsrunden i 2020 har det vore evalueringsmøter og dialog for å rigge ordninga til det beste for alle.

Tilpassingar grunna korona

Det er komen fleire søknader om å utsette aktivitet og overføre tilskot til 2021, då aktørane ikkje har hatt høve til å gjennomføre i 2020. Fylkeskommunen stiller seg positiv til dette til aktørar som leverer søknad med kort grunngjeving og plan for gjennomføring.

Trass mange restriksjonar vart likevel ein heil del aktivitet gjennomført med enkelte korona-tilpassingar. Dette har naturleg nok ført til ekstra arbeid for frivillige arrangørar. På fleire aktivitetar, særleg knytt til sommarferien, har det vore fleire deltakarar enn tidlegare. Mange barn og ungdomar har truleg hatt endå større ønske og behov for å vere med på sosiale aktivitetar i sitt nærmiljø i år. Såleis er det gledeleg at på trass av pandemi har det vore gjennomført så mykje god aktivitet for barn og unge i Vestland.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Storleiken på tilskot for 2020 vert handsama av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming i desember.

Klima: : Ingen relevans

Folkehelse: Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet vil ha ein klar relevans for både fysisk og mental helse for barn og ungdom.

Regional planstrategi: Hovudmål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at retningslinjer for tilskotsordninga for lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom vert vedtekne og at det vart lagt til rette for utlysing av midlane etter budsjetthandsaming i Fylkestinget 15. desember 2020.